

Årsmelding 2024 Turgruppa

Gruppeoversikt og aktivitetar:

Medlemmar i gruppestyret:

Monica Vik, delvis
Jan Leivestad
Gunnar Sagenes
Aina Westvik, delvis
Laila Invær Torland
Kristin Meland

Arrangert av turgruppa:

- Rundtur i Fitjarfjellet, frå Olstjødno til Botnavatnet
- Finse til Aurlandsdalen, 29/8-1/9
- Rundtur Lundsseter - Tysevatnet – Sørlileitet
- Stord-Fitjar frå Heio til Olstjødno

Styremøter	Deltakarar	Timer	Totaltimer
25. januar	3	1,25	5
30. mars	3	2	6
8. mai	5	2	10
15. juni	3	0,75	2,25
17. august	2	0,75	1,5
4. september	6	1	6
23. oktober	4	1	4
Arbeid utanom			15
			54,75

Turgruppa sin fortelling 2024

Det har vore eit år med endringar undervegs, Monica og Aina gjekk ut av gruppa, Jan overtok som leiar, og Kristin og Laila kom inn i gruppa.

Turgruppa har diskutert om fellesturar er noko folk vil vere med på lenger, det er sterk intern konkurranse med Trimpoeng og toppturar.

Langturen Finse Aurlandsdalen var svært bra, takk til **Gudny Eldøy Kydland og Berit Agasøster**, som tok heile ansvaret for turen.

Trimpoeng har vore suksess i år òg, Laila og Kristin har gjort god jobb.

Nytt av året er: Vinter-trimpoeng som er organisert av Unni Gudmundsen. Der er det over 100 påmeldte og den er open fram til sommar-versjonen av trimpoeng overtar.

Turskildringar

Full skildring, med fleire bilete, finn du på Facebook.

Her kjem skildring og bilete av turlaget sin overnattingstur frå Finse til Aurlandsdalen, 29/8-1/9 av turleiarar **Gudny Eldøy Kydland og Berit Agasøster**.

Første etappen går frå Finse til Geiteryggs-hytta og er ein ca. 6 timars tur med 450 høgdemeter opp og det same ned att. Turen byrjar oppover med flott utsikt heile vegen bakover mot Hardangerjøkulen, Norges 6 største isbre ca. 73km² stor.

Laurdagen vakna me til sol, litt kaldt på morgonen, etappen (22 km) til Østerbø er todelt. Første del er vegetasjonen lettgått og det er naturleg med ein pause på Steinbergdalshytta. Men gode og slitne etter 10 timar kom me til slutt fram til Østerbø, slik at me nådde siste bordsete til middag. Etter nok ei trivelig stund på ei koselig DNT-hytte med mange kjekke gjester stuppte me tidleg i seng.

Me vakna opp til strålende sol og shortsver klare for siste etappe, som er sjølv indrefiletten i Aurlandsdalen, frå Østerbø til Vassbygdi.



Rundtur i Fitjarfjellet.

29. august hadde turgruppa ein rundtur i Fitjarfjellet, frå Olstjødno til Botnavatnet, Mosevatnet, Svartavatnet og tilbake til Olstjødno. Det blei ein flott tur! 6 personar utanom turleiar og kjentmann. Regn når me starta og til ankomst Botnavatnet. Deretter opplett og litt sol. Varmt og fint tildels med fønvind. Ein god gjeng som hold jamn og god fart, tross alt det våte og sleipe. Starta klokka 16 og var framme klokka 20. Me såg to hoggormar og ei svært fin åme.



Rundtur frå Lundsseter - Tysevatnet - Sørlileitet - Mjølkeråno - Kvelve – Lundsseter.



Måndag 10.juni hadde turgruppa ein flott tur der 9 turglade folk stilte til start kl 16. Vel 4,5 timar inkl pause i flott turver, kilometrane glei unna. Det vart ein god runde på 12 km, med ein kjekk gjeng å gå på tur med. Turen vart leia av Anne Gravdal og Hilde Kråkenes.

Rundtur frå Grov til Hauglandskvedno

I ettermiddag gjekk eit turfølge på fire (inkludert dei to turleiarane) den flotte rundturen frå Grov via Grovalio og Sjoalemyro til Hauglandskvedno og Vad, og tilbake til Grov langs Longehølane. 🥾 Det vart heldigvis mindre regn enn frykta, og turfølget var enig i at det jammen er deilig å trassa gråvêr for å komma seg ut på tur.



På vegne av Turgruppa;

Jan Leivestad, leiar.

Årsmelding 2024 Dugnadsgruppa

Styrearbeid

Desse har vore tillitsvalde i dugnadsstyret:

Leiar: Frank Breistein. *Medlemmer:* Odd Sverre Larsen, Geir Tore Søreide, Birger Taranger og Kjell Vestrheim. Dugnadsstyret har hatt 6 møter. Det har vore 3 dugnadssamlingar, eitt i kvart av dei 3 områda Leirvik, Sagvåg og Fitjar. Dugnadsgruppa har utført totalt ca. 1600 dugnadstimar inkludert feltarbeid og styrearbeid. Saker som har vorte handsama er:

- Prosjekt; Dalshaugane - tavler og skilting. Status og framdrift
- Prosjekt; Omlegging av turer og skilt frå Olstjødno med stønad frå Miljødirektoratet.
- Prosjekt; Heio Lundsæter - tavler, skilting
- Omlegging av stiar og oppdatering av UT.no for å klargjera stiar som skal inn på nytt kart.
- Oppgradering av verktøy og utstyr med stønad frå Aker BP.
- Koordinering av dugnadsprosjekt, bemanning og dugnad sleiar

Dugnadsprosjekt som dugnadsgruppa har førestått:

Stovegolvet. Assistanse til BHT

- Påfylling ved, gass, etc.
- Teknisk tilsyn

Lundarstøl

- Ny vannslange med varmekabel frå pumpehus/vaskehus til hovudhytte.
- Nytt avrenningsystem frå septiktank, dvs nytt rør og ny grus og dukar.
- Dreneringsgrøft for overflatevatn utanfor vege opp til hytta.
- Teknisk tilsyn.

Gapahuker:

- Store mengder ved for gapahukar.
- Det har ikkje vore naudsynt med større vedlikehaldstiltak.

Oppgradering og vedlikehald eksisterande DNT/SFT-stiar:

- Inspeksjon og vedlikehald av 90 % av stiane i Stord og Fitjar
- Ny trapp og sti ved Bråtaneset
- Ny skilting av turen Rydlandsago Prestavarden



Ny bru i Botn

- Klopper lagt på turen Vad Sjoalemyra nordaust for Hauglandskvedno.
- Reparasjon av bru i Botn.
- Klopper på toppen av Dyviksåta.
- Flytta stien til Agdesteinsfjellet inn på skitraseen og lagt ned rundturen.

Nytt lager på Vabakken

- Messanindekk som etasjeskille.
- Lagerreolar i 1. etg
- Toalett i 1. etg.
- Arkivrom i 2. etg.
- Ventilasjon og oppvarming installert



Ny trapp i Bråtaneset



Nytt lager på Vabakken



På vegne av Dugnadsgruppa;

Frank Breistein, leiar.

Årsmelding 2024 Seniorgruppa

Styrearbeid

Desse har vore tillitsvalde i Seniorgruppa i 2024:

Leiar: Anne Kristin Eldøy, *Nestleiar:* Gro Rydland, *Sekretær:* Sigfred Framnes, *Styremedlemmer:* Unn Sara Spissøy, Per Audun Kloster og Per Inge Sætrevik.

Leiar i Seniorgruppa har delteke på styremøta i hovudlaget.

Seniorgruppa har hatt 10 styremøte. For å få på plass turane for 2025, var det turleiarsamling 17. sept. 2024, der 21 turleiarar og styremedlemer møtte. Leiar for seniorgruppa har hatt eitt møte med dei ansvarlege for Aktiv til 100 i dei ulike gapahukane. Medlemene i seniorgruppa brukar no det nye aktivitetssystemet i DNT, og legg ut turar.

Seniorgruppa med turleiarar og turvertar har til saman utført 3382 dugnadstimar. Totalt har seniorane hatt 3672 deltakardagar.

HMS arbeid

Det har ikkje vore meldt skadar på seniorturane i 2024, men ein person måtte avbryta turen, og ein person søkte legevakt etter turen på grunn av skade i handledd etter fall.

Det vart arrangert Hjarte-lunge-redningskurs med bruk av hjartestartar 11. mars og 12. mars, med totalt 9 deltakarar.

Saker som har vore handsama i seniorstyret

- 30 års feiring for Stord-Fitjar turlag
- Turprogram for onsdagsturar 2024 og 2025
- Turprogram for Aktiv til 100 gruppene
- Overnattingsturar 2024 og 2025
- Vidareføring i bruk og opplæring i Aktivitetssystemet
- Marknadsføring og utarbeiding av brosjyre
- Korleis få nye turdeltakarar og halde på dei som går på tur med oss
- Oppdatering av retningslinjer og turleiarinstruks
- Nytt oppsett for annonsering



30 års feiring av turlaget

14. mars 2024 var turlaget 30 år. Dette vart markert 4. mai med stand på Leirvik og 12. juni på Fitjar. Deltakarar i seniorgruppa var med og markerte turlaget på ein god måte.

14. september var det ulike jubileumsturar som alle enda på Fitjar. Festen på Fitjar Fjordhotell vart avlyst pga. for få påmelde.

Seniorane og dugnadsinnsats

Seniorane er delaktige i det meste av dugnadane som vert gjort i turlaget. Dei er turleiarar, driv Aktiv til 100 i gapahukane, har turnusteneste for oppsyn med gapahukane, Lundarstøl og Stovegolvet, medhjelparar ved Opptur og Topp 8 og legg til rette for seniorturar gjennom året. Dei fortener alle ei stor takk for god innsats gjennom mange år.

Friluftslivets veke frå 2.-8. september

Turlag over heile landet vart oppmoda til å leggja ut på nettet turar dei planla i dette tidsrommet. Seniorgruppa hadde planlagt og la ut desse turane: 2.9. Aktiv til 100 i Hustrudalen, 5.9. Aktiv til 100 i Skjephaugen, 4.9. Tur 1 til Heio og Stovegolvet, Tur 2 til Ystaneset, Stolmen. Barnas turlag arrangerte «Kom deg ut dag» den 8. sept. Der var mange seniorar gode hjelparar. I tillegg var ei gruppe seniorar på overnattingstur til Askvoll 5.-9.sept.

Overnattingsturar i år

Seniorgruppa planla å arrangere 3 overnattingsturar dette året. Dessverre måtte ein avlyse 2 dagars turen til Bergen pga få påmelde og tett turprogram elles. Turane til Sævrudsøy og Askvoll gjekk som planlagt.

Sævrudsøy 5. – 9. juni

Gerda og Jan Ove inviterte 32 deltakarar, 25 i hus på eigedomen og 7 personar i bobil, til sitt paradys på Bømlo for å gå turar i deira nærområde. Stødige turleiarar var Jarle Hevrøy, Jan Ove og Gerda Øen. I tillegg var Gerda og Jan Ove vertskap og la til rette for at alle deltakarane skulle ha det best mogleg. Deltakarane hjelpte til så godt dei kunne, men vertskapet hadde overoppsyn med det som skulle gjerast. Det var morgonbad for dei tøffaste, og roleg morgon for dei andre. Brynjar Stautland kom og fortalde om «steinriket» Bømlo og Unesco verdsarven for geologien i heile Sunnhordlandsområdet. Knut Vika sytte for musikk, og så var han turleiar på Sørå Bømlo. Me var innom Bergehuset med omvisning der.

Ein av turane gjekk frå Steinsvåg, over Steinsvågfjellet til Helvik, vidare opp på Hovda og tilbake til Steinsvåg. Ein ny og flott tur for mange. På eine turen vart me kjende i nærområdet på Sæverudøy. Siste dagen gjekk me på Selefjedlet, også ein ny og fin tur for mange. Eit svært vellukka opplegg vart gjennomført med stil. All heider til Gerda og Jan Ove og dei trufaste hjelparane.

Overnattingstur til Askvoll 1. – 5. september

Igjen var Jan Ove og Gerda turarrangørar, denne gongen til Jan Ove sine heimtrakter i Askvoll. Saman med Jon Lien hadde dei sydd saman eit opplegg med tur og kultur, til fots, med bil og med båt.

Første stopp var Birkeland eller Dalen i Hyllestad. Der gjekk turen på bra sti opp til Dagsturhytta. Neste stopp var Fjaler og omvising i Lillingstonheimen, eit godt ivareteke herskapshus som vart bygd tidleg på 1800-talet. Tidleg på 1900-talet vart det selt til den engelske adelsfamilien Lillingston. Siste bebuar av den familien donerte det til Fjaler Kommune, vidare til Fortidsminneforeningen.

Neste dag var det først omvising på Helle Knivfabrikk og tredje generasjon knivmakarar. Det var utruleg interessant, og mange kjøpte ulike knivar.

Etterpå var det besøk på Nedre Tveit gardstun, der mor til Vebjørn og kjentmann Jon Lien vaks opp.

Den gamle bonden på 93 år, onkel Kåre, var med til Stølen oppi fjellsida i Fagradalen.

Frå stølen gjekk me opp til Askvoll si dagsturhytte, Nykshytta. Der delte gruppa seg, nokre gjekk til Moldura på 786 moh, og ei gruppe gjekk til Dokka på 680 moh., og eit par gjekk direkte ned til bilane.

Tysdagen tok me gratisferja til Atløy og prøvde oss på Atløynipa. Me kom opp til 333 moh, men det dårlege været gjorde at me berre måtte snu. Takk til Bodil og Per Inge som hadde putteutstyr til innandørs konkurranse med. Roger vann heile turneringa

Onsdagen kom med godt og veldig høvande vær for båttur til Store Batalden, Hovden og Svanøy. Ein gjeng gjekk av på Store Batalden, medan resten for til Hovden, der mor til Velaug kom i frå. Stord Batalden på 492 moh vart ein tøff tur. Det var glatt, det var steinur med store steinar, det var bratt og skummelt. 15 personar kom vel opp og vel ned etter å ha nytt eit fantastisk utsyn frå toppen.

Dei såg nesten den andre gruppa som fekk omvising på øya Hovden av fetter Rune og kona Marianne på den no nedlagte garden. Eit besøk på Løe-biblioteket var spennande og imponerande, men dessverre skulle det leggjast ned.

Hovden-gruppa tok skyssbåten tilbake til Batalden for ein kort rundtur på Gunnhild Bjelland sin eigedom der ho driv utleige til feriegjester. Dessverre var ikkje Gunnhild sjølv på øya. På heimvegen tok båten oss innom Svanøy og turen gjekk opp til Svanøy Hovudgard, tidlegare bispesete, før me sette kursen mot Askvoll Fjordhotell. Ein god dusj etterpå var me klare til stige golfturnering på terrassen, eit spel svært få hadde prøvd tidlegare, og Jan Ove vann. Heile opplegget var vellukka, ingen skader, ingen uhell, berre velleta å høyra.


Opptur

Onsdag 8. mai arrangerte seniorgruppa Opptur for 349 8.klassingar frå Stord -, Nordbygdo -, Nysæter-, og Rimbareid ungdomsskule. Turen gjekk frå p-plassen ved Fjellstova, opp Stengjelsdalen til toppen av Stengjelsheiddo. Ned går turen i Botnadalen til demningen og vegen tilbake til Fjellstova, registrering og buss tilbake til skulane. Veret var ikkje heilt på vår side, med skoddedottar og yr.

Saman med kontaktlærarar deltok ca. 40 turleiarar frå seniorgruppa som turleiarar og vegvisarar langs løypa. I tillegg var seniorane med på å setja opp og ta ned registreringsteltet på parkeringsplassen.



Onsdagsturar og Aktiv til 100 turar



År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Deltakarar	1058	1093	1081	929	1046	1630	1120	908	1037	938	1222

Onsdagsturar frå 2014 til og med 2024, med toppår 2019 før Covid og vekslande tendens etterpå, men no peikar pila oppover igjen.

Deltakarar på dei ulike onsdagarsturar i 2024

	Tid	Deltakarar	Turar	Nye	Gj.snitt
Tur 1	Vår	189	9	5	21
	Haust	113	6	8	19
Sum		302	15	13	20
Tur 2	Vår	383	13	6	29
	Haust	228	9	10	29
Sum		611	22	16	29
Fitjar	Vår	116	5	2	23
	Haust	128	5	1	26
Sum		244	10	3	24
Totalt		1222	47	32	26

Me har gått 47 turar, med totalt 1222 deltakarar, av dei er 32 nye. Overnattingsturane og avslutningsturane er registrerte som Tur 2. Det same er turen rundt Ådlandsvatnet i januar. Difor er antal deltakarar der høgast.

På grunn av mykje snø og glatt rundt Ådlandsvatnet, gjekk nyttårsturen rundt Landåsen og Skjephaugen. Ein tur 1 vart avlyst pga. dødsfall i kjentmannen sin familie. Turen vart erstatta med ein tur frå Raunholm, Mehammer, Fitjarhesten, innom Tindaslottet og ned til Raunholm. Ein annan tur 1 hadde berre ein deltakarar, som var samd med turleiar om å gå tur 2 i staden for.

Frå hausten vart turane annonserte den første tysdagen i månaden i Bladet Sunnhordland. Dette var medlemma positive til på avslutninga før sommaren, så me at held fram med dette i 2025.

Aktiv til 100 i gapahukane


Stad	Deltakarar	Turar	Gjennomsnitt	Nye
Hustrudalen	812	19	43	
Skjephaugen	527	18	29	25
Stuvikjo	477	17	28	31



Aktiv til 100 i dei ulike gapahukane er eit populært tiltak, og folk møter fram uansett ver og vind. Berre ein gong har det vore avlyst, då på grunn av gravferd. Tusen takk til dei seniorane som står for vedlikehald, innkjøp, kaffikoking og elles hjelper til med å oppretthalda desse sosiale møteplassane.

Avslutningar

Sommaravslutninga var i Erevikjo Grendahus på Bømlo. Først var det tur til dagsturhytta Kurebu på Goddo. Birger og Anne var turleiarar for den største flokken, medan Magne tok nokre med seg ein kortare tur. Deltakarane vart oppmoda om å koma med forslag til korte og lange turar for 2025. Saman med bordnaboane skreiv dei ned mange gode forslag som er tekne med i turprogrammet for 2025. Totalt var 63 deltakarar med på ein kjekk avslutning med god mat og god stemning.



Bilete viser gjengen foran Kurebu

Årsavslutninga var i år i Fitjar kulturhus etter ein fin tur rundt Rossneset på vel ein time. Det var grønt i naturen, men fint og kaldt ver. Kulturhuset var julepynta, og medlemer av «Eldresenteret» serverte graut med godt tilbehør, etterfølgt av gode kaker.

Tradisjonen tru var det flott musikkfølge til songane av Knut Vika. Seniorleiaren takka tillitsvalde og turleiarar for god innsats med blomeutdeling. Vidare orienterte ho om turprogrammet i 2025 og oppmøtet på dei ulike aktivitetane i 2024. Det vart etterfølgt av fin song av Oddvard Rommetveit. Merkeutdelinga for oppnådde turar var både høgtideleg og fin. 3 personar har gått meir enn halvparten av dei 502 turane seniorgruppa har arrangert sidan oppstart i 2008.

Frank Breistein orienterte kort om det nye lageret på Vabakkjen og kor langt ein var komen med ferdigstillinga. Eit pluss for heile laget vårt.

Seniorleiararen takka for godt frammøte og ønskte god jul til alle. Ho takka enno ein gong dei tillitsvalde i alle ledd for god innsats, og ønskte velkommen til julemarsjen den 8. januar rundt Ådlandsvatnet. Eit flott turår vart avslutta på ein god måte.

Merkeutdeling i 2024

23 personar hadde gjort seg fortente til merke i år etter oppnådd tal for ulike merke. Det er stor stas med merkeutdelinga, og alle er interesserte og motiverte til å følgja med på lista korleis dei ligg an til å oppnå ulike merke. Me deler ut merker for 50-75-100-150-200-250 turar.

Kategori	Krav	Oppnådd i 2024	Oppnådd totalt
Bronse	50	4	85
Sølv	75	4	67
Gull	100	7	50
Gull m 1 krans	150	3	29
Gull m 2 kransar	200	4	8
Gull m 3 kransar	250	1	3

På vegne av Seniorgruppa;
Anne Kristin Eldøy, leiar.



Årsmelding 2024 Barnas Turlag

Barnas Turlag Stord-Fitjar har i 2024 bestått av 8 frivillige som har fordelt turar gjennom året. Det blei laga program for året og lagt ut program i sosiale medier og på DNT sine sider. Vi har berekna oss på ein tur i månaden, nokre månadar har det vore to. Vi har som i fjor også hatt tema for kvar tur, «Skattejakt», «Popcorntur», «Nissevandring» mm.

I tillegg har vi arrangert Barnas Topp Trim, 6 ulike trimpostar på ulike fjelltoppar/topper. Korta har blitt solgt på Lindas Gym, Sport 1 Heiane og Falk Sport Heiane til 30kr. Barna kan hente ut premie på Lindas Gym etter endt 4 av 6 toppar. Barnas Turlag har også hatt regien av kanoane ved Ådlandsvatnet. Det har vore som i fjor, inn og utlån på Lindas Gym på Heiane. Dette har fungert veldig bra og vi har fått eit god system med det der.

Januar starta vi programmet vårt med skeisedag på skeisebanen. Vi har vore så heldige å fått låne skeisebanen gratis frå Stord IL til vårt arrangement. Rundt 50 store og små deltok på denne ettermiddagen.



Februar arrangerte vi barnas fastelaven med sponsa fastelavensboller frå Spar Haga og Spar Ådland på Stord golfbane. Det var ca. 70 store og små som deltok på denne turen saman med oss. Mykje snø, aking, skiåing, snømannlaging og ikkje minst servert fastelavensboller ute i snøen.



Mars var det popcorntur i skogen som stod for tur. Popcorn på primus og mykje kjekk leik.

April var det tur til Dåfjorden (Fitjar kommune) og til klatrejungelen. Nok ein stor suksess med klaring, leik og sosialt for store og små.

Mai var det stort arrangement i forbindelse med løpsfesten, Sunnhordland maraton. Barnas Turlag hadde stand med bybingo, kasting av erteposar og sal av Barnas Topp Trim kort. Mange barn kom til vår stand og deltok på våre aktivitetar. Seinare i mai blei «Turbingo i skogen» bytta med strand tur «Strand tur til Hystadmarkjo» grunna vår og temperaturar.



Juni blei det den årlege turen til Huglo og Myrvold Gard. Med åpningstid frå kl. 12-16 på gården, var det store mengder folk som tok ferje over. Det enda med mykje kø på Jektevik sida (heile ferjekaia var full, og kø opp i vegen). Her må vi sjå på ein lur løysing til neste år. Vi er veldig takknemlige for at Myrvold Gård samarbeida nok eit år saman med Barnas Turlag for å la alle barnefamilier komme gratis på gården. Ca. 300 stykker deltok denne søndagen.



Årets telttur i juni blei avlyst grunna få/ingen påmeldte, som vi trur har med helgas vår å gjere. Mykje nedbør, lav temperatur og meldt mykje vind. Det blei lagt ut spørsmål på sosiale media om kven som ønska å nytte seg av tilbodet, der fleire kom med same tilbakemelding som nemnt over.

Gjennom sommaren blei det lagt ut gratis ferietips for barnefamilier. Som bærtur, ta med kortspill som kan spelast når ein er kommet fram til turmålet og lag syltetøy av bærfangsten.

August ettermiddag var det duka for barnebåttur i ekte vestlandsvær. Barna som deltok storkosa seg med vassing, spikking og barkebåttur. Ein av barna på 7 år sa «dette er den kjekkaste turen eg har vore med på».




Kom deg ut dagen i august blei, som dei andre åra, arrangert i Stuvikjo. Med kano, natursti, spikking av barkebåt, Turbo på besøk, popkorn på primus, klatring i regi av DNT UNG, BUA hadde mange kjekke aktiviteter langt løypa. Det blei servert gratis saft, pølser og kaffe. Ca. 500 stykker deltok på dette store, flotte arrangementet. Takk til alle dei frivillige som deltok.

September – ein av årets finaste eventyr stod på programmet. Med hytta fullbooka, taco i ryggsekken, gjekk gjengen samla til Stovegolvet. Spel, leik, sosialt og minnerik tur for ein god gjeng. Barn i alderen 2-12 deltok.

Oktober – i anledning 30 årsmarkering til Stord-Fitjar Turlag blei det arrangert lommelykttur til Dagsturhytta Tveitaslottet på Fitjar. Fitjar folkebibliotek leste bok, speidergruppa i Fitjar laga lappar og barna som deltok storkosa seg med lek i den frie natur.

November – Skattejakt i skulehagen på Rommetveit. Barna blei møtt at vi skal samarbeide om å finne ein skatt, ein ekte skatt i gull. Dei fekk utdelt kvar sitt kart med ulike oppgåver som vi skulle gjer. Telle refleksar i løypa, hoppe 20 hopp framover mm. Barna var ivrige og leita etter skatten. Skatten var steina som var spraya i gull – veldig stas for barna å finne «ekte-gull». Gøymssel og anna lek fant stad før vi gjekk tilbake til utgangspunktet. Barna hadde med eiga niste denne ettermiddagen, samt dei fekk mandarinar og rosiner av Barnas Turlag.

Desember - 7. desember var det duka for årets siste arrangement, nissevandring til Eventyrskogen med start frå Landåsen/Vabakkjen. Ca. 100 deltok – Turbo kom og laga god stemning.



Dugnadstimar for 2024: 386 timer.

På vegne av Barnas Turlag;

Caroline Wolff, leiar.

Årsmelding 2024 Natur- og Miljøgruppa

Gruppas medlemmer: Jan Ove Øen, Odd Lars Huseth og Konrad Westvik.

Gruppa har ikkje hatt nokon aktive saker i 2024.

Vi har fått tilsendt eit skriv om supplerande vern av Sævarhagsvikjo og Hovanest i Stord kommune, frå Statsforvaltaren i Vestland. Dette er eit område som har stor interesse for ornitologar og i mindre grad turgåarar. Det er også eit område som er vanskeleg tilgjengeleg, der grunneigarar legg hindringar for tilkomst. Vi er viss på at Statsforvaltaren gjer som intensjonen er å sikre at viktig natur ikkje blir øydelagd.

Elles kan vi alle lese om kommande straumkriser. Det er snakk om straummangel dei kaldaste vintertimane.

Vår region er trua av vidare utbygging av vindkraft, men slik situasjonen er i dag har lokal sjølvstyre all makt i sine slutningar. Det er også eit tankekors at vindkraft berre fungerer mindre enn 35% av tida. At utbyggjarar går direkte på dei som er medlemmer i styrande kommunestyra skal vi vere obs på.

Jan Ove Øen, leiar i Natur- og Miljøgruppa

Årsmelding 2024 Driftsgruppa

Gruppa består av Gerda Øen og Marit Cruickshanks.

Me har ansvar for tilsyn av Stovegolvet, Lundastøl, Dagsturhytta «Tveitaslottet» i Fitjar, og tilsyn av gapahukane på Lundastøl, i Stuvikjo, i Skjephaugen og ved Kidnavatnet.

Me har seks lister med folk som ein gong i veka ser til på dei forskjellige stadane.

Kvar søndag sender Marit melding om påminning til dei som har vakt.

Denne ordninga fungerer godt.



Me får tilbakemelding når noko mangler eller er i ustand, og me ordner opp i det. Dersom nokon vil ha utvask på Lundastølen ordner me det.

Kvart år, i mai, vasker me ned både på Lundastøl og på Stovegolvet. Alt vert vaska, inkludert vindu, hyller og skap, og sengene vert skifta på. Me har også sengeskiift og vasking ein gong på hausten på dei to hyttene. Me pynter til jul også.

På nyåret hadde me ein ekstra vaskerunde på Stovegolvet på grunn av opprydninga etter lynnedslaget.

Me har ein gjeng damer som får melding når me treng «stordugnader» og me opplever aldri at me ikkje får folk med oss. Det vert alltid laga til ein enkel lunch, og me har det alltid kjekt.

Me har heller ikkje hatt problem med å få folk med på tilsynslistene.

Lundastølen har dette året fått fint nytt dusjkabinett.

Marit og eg «trør til» når andre av ulike årsaker ikkje har tid. Det går fint. Me er på valg i år, men me fortsetter to år til!

På vegne av Driftsgruppa;

Gerda Øen, leiar.



ALLTID GOD STEMNING!

Årsmelding 2024 DNT-Ung

Grunna ressursmangel har det vert lågare aktivitet i gruppa i 2024 enn i 2023. Me jobbar mot ei løysing i 2025.